

# Mandat for konseptfasen

## IKT NORDHORDLAND UTVIDING AV SAMARBEIDET

Fyll ut denne ved behandling, ved BP1.

<b>Prosjektnummer:</b>	<b>Saksnummer:</b>	
<b>Behandla dato:</b>	<b>Behandla av (ansvarleg linjeiar):</b>	<b>Utarbeidd av:</b> Arthur Berg Reinertsen
<b>Vedtak:</b> Kommunane i Nordhordland vedtek oppstart av konseptfase som skal utgribe spørsmålet om utviding av samarbeidet		
<b>Bemanningsav neste fase</b> Leiar av utgriingsarbeidet: Arthur Berg Reinertsen Andre: Thomas Rønn-Aar, Lars Tveit		<b>Neste fase ferdig:</b> 30. april 2018
<b>Signatur ved godkjenning (BP1): Åse Elin Myking</b>		

## Innhald

1.	Bakgrunn .....	3
2.	Føremålet med eit eventuelt prosjekt.....	3
2.1.	Kva behov skal dekkast? .....	3
2.2.	Kva endringer skal prosjektet skape?.....	3
3.	Idé til eIt nytt prosjekt.....	3
3.1.	Forslag til tilnærming .....	3
3.2.	Er anskaffing av varer og tenester aktuelt? .....	4
4.	Tidsramme og ressursbehov for konseptfasen.....	4
5.	Organisering og ansvar .....	4
6.	IT-politiske føringer.....	4

## **1. BAKGRUNN**

IKTNH har motteke interesse frå fleire kommunar i Hordaland om å delta i IKT samarbeidet til Nordhordland. Med bakgrunn i dei satsingane som no kjem i kommunesektoren, vil mange av kommunane ha ei stor utfordring med kompetanse, kapasitet og økonomi til å henge med på den utviklinga som skjer. I dette skjeringspunktet vil IKTNH kunne tilfredsstille behova som dei interesserte kommunane har til IKT-driftstenester og -tenester, men som dei sjølv ikkje vil ha kapasitet til å drifte og utvikle. For desse kommunane vil eit samarbeid med Nordhordland regionen på IKT vera særskilt aktuelt.

Organisering av IKTNH som eit §27 selskap legg til rette for ei utviding av samarbeidet om det skulle vere ønskjeleg frå kommunane i Nordhordland.

Forankring og føresetnader:

<b>Vedtak i Nasjonale fora, Regionråd, Kommune:</b>	Vedtak i RU og Regionrådet
<b>Avhengigheiter og føresetnader:</b>	Regionale tiltak på IKT og Digitalisering i regi av KS. Prosjekt digitalisering i Hordaland med blant anna Bergens – Samarbeidet.

## **2. FØREMALET MED EIT EVENTUELT PROSJEKT**

### **2.1. Kva behov skal dekkast?**

Prosjektet skal utarbeide ein konseptstudie med formål å etablere dialog med kommunar og andre IKT samarbeid for samarbeid med Nordhordland. Prosjektet skal beskrive moglegheiter, risiko, gevinstar, leveransar, kostnader, forutsetningar og styrings-/samarbeidsalternativ.

Lage grunnlag for å søke om finansiering frå KS, Fylkesmannen og andre.

### **2.2. Kva endringar skal prosjektet skape?**

Konseptstudie med rapport for å utvikle grunnlaget for utviding av samarbeidet til fleire kommunar.

## **3. IDÉ TIL EIT NYTT PROSJEKT**

### **3.1. Forslag til tilnærming**

Prosjektet vil adressere følgjande tema og aktivitetar:

- Beskrive mogleg målbilete
- Beskrive, kartlegge og analysere moglegheiter, økonomiske konsekvensar for kommunane, risiko for kommunane ved utviding av samarbeidet og i eventuell gjennomføring, gevinstar, kostnader, forutsetningar og styrings/samarbeidsalternativ.
- Utarbeide forslag til kostnadsdeling
- Dialog med kommunar og IKT samarbeid på Vestlandet
- Dialog med sentrale interesser. Eksempelvis KS og Fylkesmannen

- Arbeidsgrupper
- Dokumentasjon og utarbeiding av rapport.

Ein viktig føresetnad for samarbeidsdiskusjonane med andre kommunar er korleis ein skal organisere overordna IKT leiing og digitaliseringsarbeidet i vår region. Dette vil verte tema i eit anna prosjekt som vil gjennomførast i parallel med prosjektet som er beskrive her.

### **3.2. Er anskaffing av varer og tenester aktuelt?**

Bruk av ekstern konsulent.

## **4. TIDSRAMME OG RESSURSBEHOV FOR KONSEPTFASEN**

Konseptfasen skal vera sluttført innan 30 april 2018.

Ressursbruk og kostnader: Bruk av eigne ressursar ca. to månadsverk. Bruk av ekstern konsulent ca. eit månadsverk.

## **5. ORGANISERING OG ANSVAR**

Leiar IKT Strategi og utvikling har ansvar for gjennomføring av prosessen. Prosjektet rapporterer til Strategigruppa på IKT i Nordhordland.

## **6. IT-POLITISKE FØRINGAR**

Viser til kapittel 1 og punktet Forankring og føresetnader